

Jordkjellar på Husebø
Istandsetjing/restaurering
Tilstandsvurdering dokumentasjon

Haakon Aase Tørrmuring, Litlebergen 29, 5918 Frekhaug, e-post: haa-aase@online.no, telefon: 918 71 129

Jordkjellar på Husebø

Jordkjellaren på Husebø, gnr 54, bnr 11. Manglar toppheller og noko av det utkraga murverket øvst. Ingen kjenner grunnen til at tilstanden er som han er. Sjølv om ein står andsynes ein betydeleg skade, er det knapt rett å seia at bygningen er ein ruin. Det som står att, er i forbausande god stand.



Smoget, inngangspartiet

Opp til dei øvste hellene på bildet er veggene noko utkraga, men ikkje mykje. Utkraginga startar for i 180 – 200 cm høgd. Dei øvre skifta er ein del skipla.

Som vanleg er, er det lagt mørtel i fugene for å halda skadedyr ute.



Innvendig i jordkjellaren

Veggene i
jordkjellaren er
rimeleg heile og
uskadde. Etter at
taket blei borte
(rasa eller teke
bort), har
vegetasjonen fått
rimeleg fritt
spelerom.



Innvendig i jordkjellaren

Murverket i
utkraginga er i
rimeleg god
stand. Hellene
er godt
plassert, med
gode uthall. På
fotoet ser ein
både leire- og
kalkmørtel.



Inne i jordkjellaren

Fleire detaljar frå utkraginga. Døma viser den typiske kombinasjonen av flate heller og «ugrei» stein i utkraginga. Arbeidet er vel utført, og ein ser at det er lagt vekt på godt uthall for å hindra vassinntrenging i kjellaren.



Vegg med begynnende utkraging. Veggen rimeleg rett opp til i underkant av to meters høgde før utkraginga begynner.



Fleire detaljar frå innvendig mur



Fleire detaljar frå innvendig mur



Stein, jord og never

Bjørkenever er brukt som tettende lag mellom steinheller og jordoverdekning.

